

Luftig lagerbygg reiser seg

13.11.2011



Sverre Myklebust Maskinstasjon ved Sigmund Myklebust har no starta reisinga av næringsbygget som hadde ein trond fødsel i byråkratiet. Huset som byggherren mest kallar eit lagerbygg dekkjer ei flate på 340 kvadratmeter og står på ei oppfylling som var ei utfordring å få til i det brattlendte terrenget. Muren som er laga av kampesteinar er imponerande.

Sigmund opplyser at bygget framfor alt blir eit delelager som også kjem til å gje plass for maskinar frå tid til annan.

Når prosjektet blir fullført tør ikkje byggherren seja noko eksakt om då dette ikkje er prioritert foran andre prosjekt som han jobbar med. Og av dei er det kraftverkprosjektet i Matre som er hovudoppgåva.

Myklebust vil jobba med sin eigen hall innimellom alt det andre, til dømes også tomta til KV-bygget midt i Uskedalen. Der skal imidlertid Haugland også utføra resten av muren mot fylkesvegen.

Foto: Ola Matti Mathisen